

Kontortider

Vi har fast kontortid:

kvar måndag og torsdag kl. 19.00 - 21.00.

Huset leiger vi ut til ulike arrangement, som f.eks brudlaup, konfirmasjon, årsmøter, fagmøter mm. I tillegg leiger vi ut bord og stolar til privat bruk.

Kontakt oss på tlf. 43 08 08, eller kom innom i kontortida.


Når vi leiger ut huset til brudlaup og andre arrangement med servering, kan vi skaffa folk til koking og servering.
Vi kan og ta opp videofilm!

Kontaktperson for husstyret: formann Ole Moi, tlf. 43 25 50.

Støtt våre annonsører

VARHAUG MISJONSHUS

JUBILEUMSNUMMER - 30 år
30-årsminner ved Harald Skretting. SIDE 7 osv.



MELDINGSBLAD VINTEREN 1990
2.årgang

Føremålet

Føremålet med huset er:

Ved bruk av dei nådemiddel som er gitt oss i Guds ord å fremja Gudsrikets vekst i bygda, samt senda evangeliet ut på misjonsmarkene. Alt på Bibelen og den lutherske vedkjenninga sin grunn, og etter dei retningslinjer som dei fire hovedorganisasjonene arbeider etter. (Frå §2 i lovane for Varhaug Misjonshus)

Eigarar av huset

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovedorganisasjon:

Norsk Luthersk Misjonssamband

Formann:

Steinar Ånestad, tlf.: 43 07 67

Det Norske Misjonsselskap

Formann:

Rolf Magne Lerbrekk, tlf.: 43 00 75

Ryfylke og Jæren Indremisjon

Formann:

Johannes Hobberstad, tlf.: 43 04 14

Rogaland Indremisjon

Formann:

Jonas Varhaug, tlf.: 43 03 30

INNHALD:

3. Andakt

5. Nytt frå styret

7. 30. års-jubileum. "30-års-minner ved Harald Skretting

9. "Varhaug Kr. Ungdomskor"

11. "30-årsminne..." framhald. Bilete: bygjenemnda for huset.

13. "Varhaug Kr. Ungdomslag" "Tennpluggen"

15. "Spiren"

17. Oversikt over kor-aktiviteten

19. Oversikt over dei ulike laga.

21. "30-årsminner ..."

23. "30-årsminner",

24. Kontortider

Layout: Tekst & Idé, Nærbo
Trykk: Jærinfo, Bryne

ANDAKT:

PÅ HIMMELVEGEN

"Herren gikk føre dei, om dagen i ein skystolpe som synte dei vegen, og om natta i ein eldstolpe som lyste for dei. På den måten kunne dei fara både dag og natt. Skystolpen kvarv ikkje frå folket om dagen, og eldstolpen ikkje om natta". 2. Mos. 13, 21-22.

Israelsfolket er på veg ut frå Egypt. Det er ikkje lang veg til Israel. Men Gud fører dei ikkje kortaste veg. Ei lang vandring ligg framfor dei - ei vandring på 40 år gjennom ørken for å nå det landet Gud hadde lova Abraham og ætta hans.

Ørkenvandringa vart inga lett reis, mange gonger var dei nær ved å gje opp - venda attende til Egypt. Men skystolpen og eldstolpen veik ikkje frå dei. Gud var med dei. Ja, da det røyna på som hardast, stilte Gud seg mellom israelsfolket og egyptarhæren.

Vi er også på vandring. Og slik som Gud gikk med israelsfolket, vil han gå med oss. *"For Herren din*


Gud er med deg. Han slepper deg ikkje og går ikkje frå deg" (5. Mos. 31,6). Han går føre oss, og når fienden kjem etter oss, stiller han seg mellom. Ja, på alle kantar omgir han oss (Salme 139,5).

Når verda lokkar og kan freista oss til å gje opp alt - då stiller Han seg mellom og seier: *"Ver ikkje redd, for eg er med deg! Sjå deg ikkje rådvill ikring, for eg er din Gud!" (Jes. 41,10).*

Kanskje du som les dette, lever utan Gud. Du seier gjerne som israelsfolket under vandringa: *"Vi hadde det godt i Egypt" (4. Mos. 11,18). Det er så mange "goder" du er redd for å mista. Du har det så godt på alle vis. Bibelen seier noko anna. Du ser ikkje di eiga stilling (Åp. 3,17).*

Du skulle fylgja Davids oppmoding i Salme 34,9: *"Smak og sjå at Herren er god! Sæl er den som flyr til han".*

E.M.



HÅ REGNSKAP OG DATA A/S

Rådhusgt. 2, 4360 Varhaug

Tlf. 04 43 04 77

RUNE ODLAND

daglig leder

Privatadr.: Kråkev. 12, 4360 Varhaug

Tlf.: 04 43 06 20



**SKRETTING &
INGEBRETHSEN**

4360 Varhaug, Tlf.: 43 05 82 - 43 93 39

**VARHAUG S
HANDELSLAG**

Tlf. (04) 43 02 11



NÆRHO TLF (04) 434771 VARHAUG TLF (04) 430875

NYTT FRÅ STYRET

Nå står me framføre ein ny aktivitets-sesong på Misjonshuset, og det er tid for nytt meldingsblad.

Me er nå inne i det 30. driftsåret for Misjonshuset, så dette bladet blir prega av jubileet. Me vil samstundes takka for jubileumsgåva som er gitt på bankgiroen i sist nr.

Styret håpar på ein god haust og vinter, der Guds ord får lyda klart og reint, og me ynskjer at fleire må finna vegen til huset og høyra og bli frelst. Målet for arbeidet på Misjonshuset er at Guds rike må veksa i bygda.

Den første oppgåva for styret er den årlege basaren 28. og 29. september. Takk til næringslivet som støttar basaren og bladet med annonser. Husstandane i Varhaug vil få besøk av loddseljarar frå andre veka i september, håper dei blir godt mottekne. Med ein god basar kan me verta gjeldfrie i løpet av jubileumsåret. Skulle nokon ha ein

gevinst til basaren, er me takksame for det.

Blant gevinstane nemner me:

1. Regulerbar stol
2. Bakstehelle
3. Crossykkel.

Ellers mange fine gevinstar.

Den 15/12 blir det ein jubileumsfest, for å markera dei 30 åra.

Me ynskjer alle hjarteleg velkomne til basardagane, og til festen i desember.

Program for basaren:

Fredag 28.9. kl.19.30: Vanleg basarmøte med loddsal på hovedtrekning, og kveldstrekning med åresal. Desutan "amerikansk" auksjon på 5 fløytekaker, baka av Varhaug Handelslag.

Laurdag 29.9 kl. 13.00: Hovedtrekning. Åresal og ettermiddagskaffi.


Talar og servering har Ryfylke og Jæren Indremisjon ansvar for i år.

Dette er styret si helsing denne gongen.

Vel møtt på Misjonshuset!

BRØDRENE RISA?

Grustak - Skretting
Tlf: 04-43 37 99



R. Skretting

SLAKTERFORRETNING

Telefon (04) 43 02 16

Bankgiro 3335.05.20363

Stueland møbler

-PÅ VARHAUG
4360 VARHAUG. Tlf. (04) 43 00 77



Konsulent innen rasjonalisering og automatisering
i industri og næringsliv!

Planlegger, konstruerer, tegner og sørger for bygging av **SPESIALMASKINER**

Postboks 56
Stasjonsv. 18
4360 VARHAUG

Telefon: 43 10 00
Telefax: 43 10 04

Tretti års minner

ved Harald Skretting

Formannen i styret for Varhaug Misjonshus kom innom ein kveld og fortalte at dei til hasuten

skulle feira 30 års jubileum for Misjonshuset, og om eg ville skriva litt frå då huset vart bygd. Og det gjer eg gjerne, helst ymse glimt av gledene. Bare gleda var det likevel ikkje - problem, strid og motbør var der og. Åndsbygginga som tok til på den tida, som den største. Den hadde større ringverknader. Men gledene er det gildast å minnast.

Etter vekkelsen i hønsehuset hjå Fitje hausten 1943 og våren 1944 ved Mindor Dragsund (tyskarane hadde okkupert Forsamlingshuset), hadde styret for Forsamlingshuset samla inn kr 42.000, utarbeidd lover og kjøpt tomt (ca. 2 da) av Ola Varhaug. (Seinare fekk me kjøpt resten av det som var vestanfor Skulegata til parkeringsplass).

Men det var året 1958, etter vekkelsen i kyrkja ved John Olav Larsen og Lars Eritsland at det store siget for nytt bedehus kom. Byggenemnd vart vald. Dei fekk fleire utkast til hus, Oddm. Halvorsen sitt vart vald. Lovutkastet vart litt forandra, og godkjend av styrene. Huset fekk namnet Varhaug Misjonshus. Utover sommaren 1958 fekk me grave ut for grunnmuren (gratis ved Bakke og Årsland). Sokkelan vart støypt og massevis av stein til fylling vart kjørt av gardbrukarar med traktor og tilhengar.

Etter at det meste haustarbeid på gardane var unnagjort, starta kveldsdugnadsarbeid. Bygda vart delt i fem: nord/aust kvar måndag, sør/aust tysdag, sør/vest onsdag, nord/vest torsdag, og sentrum på fredag. Laur-

Framhald side 11 -->

I NNBRUDDSSIKRING

med F.G. godkjente låser. Reparasjon av dører og vinduer - alt i beslag - låssytemer - dørslukkere - garasjeportåpner levering og montering.

RING:

Tlf.: 43 06 19, Mobil: 090 44 361
Audun Sleire

ROGALAND LÅS
BESLAG SERVICE






ARHAUG

AMEFRISØR

Brit Jane Varhaug
EINERVEGEN 3
Tlf.: 43 07 57



Salg og montasje av betongelementer

NYTT GJØDSELLAGER?
SPØR OSS!

Tlf.: 43 06 44



BYGGMESTER

Mindor Skretting

Dublandsveien 13, 4360 VARHAUG
Telefon (04) 43 01 27 Autm. Mobil tlf. 094-77 885

Varhaug Kr. Ungdomskor

Koret er for alle sangglade ungdommer som vil være med å synge evangeliet om Jesus.

Vi er aktive:


- Vi øver hver tirsdag på Misjons-
huset fra kl.18.30
til 20.00. Under
øvingene har vi all-
tid avsatt tid til
andakt og bønn.
- Vi opptrer ca. 3
ganger pr. måned.
- øvingshelg 1 - 2
helger pr. år. Da

reiser vi som regel til et eller annet leirsted, og er der hele helgen.

-Hver sommer drar vi på "ferie". Vi pleier da å være "gjestekor" på bibelcamper. Denne sommeren var vi en uke på Skottevik camp. ved Kristiansand.

len inn". Vi har også ansvaret for julegrantenninga.

"Varhaugplatten" er også vårt



verk. (Vi har ennå noen platter igjen fra tidligere år). Utenom dette kan det nevnes at koret er eiere av en buss, og vi har et godt sanganlegg.

For å være med i koret må du gå i 8. klasse - eller være eldre. Alle interesserte er hjertelig velkomne.

I tillegg til dette er det koret som hvert år arrangerer "Vi synger ju-

Styret



ESPEDAL BLIKK

4360 VARHAUG • TLF. (04) 43 07 17

Mobil 090 - 46 175

— en god kontakt på Jæren

**Aanestad
Elektro as**

Tlf. 04-43 75 33

Gjertrud Damefrisør


Pileveien 2
Tlf.: 43 02 87

Alle byggevarer i
tre og betong
på ein stad

VARHAUG BYGGMARKED
Tlf. 43 11 55

SKAL DU GRAVE?
KONTAKT

ERLING AUESTAD
MASKINENTREPRENØR



Alt innen graving
Tlf 43 08 78 - VARHAUG
Mobil tlf.: 090 77 079

Byggjenemnda for Varhaug Misjonshus 1958-60.



Bak frå venstre: John Ejjestad, Ludvig Husveg, Tollef Nord-Varhaug.
Foran frå venstre: Karl Skrettingland, Harald Skretting (formann), Tobias
Varhaug (nestformann), Lars L. Reiestad (sekretær)

dagane var for dei som
ikkje kunne andre dagar.
Seinhausten 1958 hadde
me ei stor pengegåve-inn-
samling på vel 100.000 kr.

Formannen hadde den
første tida med to leigekarar kl. 8 -
17, måndag til fredag, dei hadde og
som oppdrag å ordna til så dug-
nadsarbeidet vart mest muleg effek-
tivt. Der vart og dagdugnad, ved
støypedagar, sperr- og takarbeid, inn-
setting av vindu o.l. Då fekk me
med nokre damer som stelte til mid-
dag og kaffi i Forsamlingshuset. Der
fylgde mykje moro med, og arbeid-

FRAMHALD frå side 7

Tretti års minner

ved Harald Skretting

et gjekk "med liv og lyst". Viser el-
les til avisreferat.

Tek så med nokre gilde minner:
Me måtte grava ny avløpsveita for
kjellaren. Envald Tunheim kom med
gravemaskin. Rasm. J. og Olav Var-
haug jr., Ole Djøseland og eg star-
ta om morgonen og rekna med å

Framhald side 21 -->



VARHAUG AUTOSENTER

v/Trond Jan Ueland ☎ (04) 43 03 15

Åpningstider: Mandag - fredag kl. 07.00-20.00. Lørdag kl. 08.00-20.00. Søndag kl. 09.00-20.00

NOROL

TENK NORSK — TANK NOROL



4360 Varhaug

Tlf. (04) 43 09 59 — 090 47 444

**Forskaling og støyping
Betong- og trearbeid
Salg og montering av element
Armering — Tegning**

Byggmester

TRON STOKKELAND

Alt i nybygg og reparasjoner.

Tlf.: 43 00 17 Mobil: 090 77 130

Varhaug Kr. Ungdomslag

Motto: Ungdom for Kristus

Semesterprogram - HAUSTEN 1990

SEPTEMBER

- 3.-16.: Fellesmøte v/Odd Dubland
21.-23.: Bibelhelg v/Joh. Eiken
29.: Høst-aften

OKTOBER

- 13.: Is-kveld
20.: Pizza-aften

NOVEMBER

- 24.: Stor-kveld

DESEMBER

- 1.: Ungdomsgudstjeneste
8.: Bønne- og vitnemøte
22.: Bittelillejuleaften-aften
29.: Juletefeste
31.: Nyttårsfesten

Samlingskveld kvar fredag på "loftet"

Bønnestund før de fleste arrangement kl. 19.30 - Se plakaten!

Du er hjarteleg velkommen på møtene våre!

TENNPLUGGEN

Tennpluggen er eit lag av Vestlandske Indremisjon Varhaug. Alderen i denne "pluggen" er gutar frå og med 6. kl. Me driv hovedsakleg med reparasjon av sykklar som gutane tek med heimefrå. Me har også 2 - 3 stk. radiostyrte bilar som gutane "mekkar" på.

Møta er i kjellaren på Misjons-
huset annankvar torsdag, der me

i tillegg til "mekking" har ein liten andakt kvar gong. Me er ein fin gjeng som trivst godt med det me held på med. Så dersom du er gammal nok og har lyst å vere med, så bare kom du og!

For Tennpluggen, Terje



Leif Arne Tjensvoll

Gulvlegger

Tepper og gulvbelegg.

Tlf.: 43 03 98 / Mobil: 090 42 564

Betongelementer

til driftsbygninger, uthus, bolighus, m.m.



HÅ ELEMENT A-S

Postboks 120, 4360 Varhaug
Tlf. 04/43 07 88 Priv. 04/42 04 39

SPESIALUTSTYR I BORING

Kjerneboring - Killing - Betongsaging v/G. - Minigraver - m/meisleutstyr for fjøs og kjeller.

Traktorgraver - også m/meisleutstyr.

Skurtresking - Pressing - Ballevogn - Vakumvogn m.m.

EGIL HÅLAND

4360 Varhaug, Tlf. 43 04 94, Mobil 090 46 25 55

ORIENTERING OM "SPIREN"

"Spiren" barnegrupper består av barn i alderen 4 - 10 år. Barna er fordelt på 10 ulike grupper, og vi har samlingane i heimane hjå leiarane, så sant det lar seg gjera. Vi samlast annankvar torsdag. Då har vi andakt, mykje song og ein formingsaktivitet kvar gong.

Kvar gruppe har eit adoptivbarn frå Filipinene som dei samlar inn pengar til. Vi har fått brev frå fleire av borna, der dei takkar for hjelpa og fortel om seg sjølve. Det er gildt å høyra frå dei, og høyra at pengane verkeleg er til hjelp.

To gonger i året har vi fellessamlingar på Misjonshuset. Det er ad-

ventsfesten 2. søndag i advent, og avslutningsfesten i april/mai. Då har vi faste innslag som andakt, song, utlodning, litt mat og innlegg frå kvar Spirengruppe. Då er foreldre og søsken spesielt innbedne.

Dette semesteret startar vi med 7 førskulegrupper og ei første-, ei andre- og ei tredjeklassegruppe. Vi har det gildt saman, og er ein god gjeng, men det er alltid plass til fleire! Er du mellom 4 og 10 år, er du velkommen! Opplysning om kvar vi held til finn du i kyrkjelydsbladet for juli/august, på Misjonshuset og i "ramen".

Frå oss i "Spiren".

LOVISE'S FOTKLINIKK

Klokkerv. 12, 4360 Varhaug

Off. godkjent fotterapeut
medl. av N.F.F.

- Behandlingstilbud
 - Alminnelig fotpleie
 - Fjerning av torner/hard hud
 - Vortebehandling(frysemetode)
 - Nedgrodde negler
 - (reg. negler med bøylebeh.)
 - Fotmassasje
 - Salg av
- helsesko, fotkremer m.m.

Timebestilling:

man.: 9 - 19, tirs.-ons.: 8 - 16

Tlf.: 43 05 08

**Erik Håland
Maskin A/S**

**AUTORISERT
ENTREPRENØR**

**Graving
Transport**

Kloakkarv. 12
4360 Varhaug

**Telefon
(04) 43 05 08**

**Mobiltelefoner
(090) 75 446 - 44 505 - 44 402**

Velkommen til

Liv Karin's
HÅRDESIGN
FOR DAMER OG HERRER

Innehaver:
Liv Karin Tjensvoll
Aut. hårolag
Skulegaten 11, 4360 Varhaug
Tlf. 04 - 43 10 18



Vi hjelper deg med dine byggeplaner

BRYNE
Magnar Håland
Tlf. 48 26 77
Jernbanegt. 9



VARHAUG
Magnar Håland
Tlf. 43 04 95
Mandag — fredag

Block Watne Boliger a.s

Mandag er husdag til kl. 19.00



AUTORISERT RØRLEGGERFIRMA
4360 VARHAUG



Svein Lobekk
Egon Lobekk
4360 Varhaug

Tlf.: 43 09 99
Tlf.: 43 04 15
Mobil: 090 47 857

Kva skjer i Misjonshuset?

Den beste måten å fylgja med i kva som skjer på Misjonshuset, er å sjå etter oppslag i "ramen" v/Varhaug Handelslag, og i Kyrkjelydsbladet. Det er også ei tavle i gangen på Misjonshuset.

I tillegg til møteveker, basarar, bibeltimar, fagmøter, konsertar osv. er det mangt som føregår regelmessig. Vi nemner her:

Kor:

Yngreskoret,

Kvar måndag,
alder 11-13 år, 5.-7. klasse,
øver kl. 18.15

Kontaktperson:

Borgny B. Skretting, tlf. 43 05 68.

Barnemusikken,

Kvar tysdag,
alder 9 - 10 år, 3.- 4. klasse,
øver kl. 17.30.

Kontaktperson:

Gudrun Husveg, tlf. 43 04 25.

Minikoret,

Kvar tysdag,
alder 5 - 8 år,
øver kl. 16.30.

Kontaktperson:

Gudrun Tora Norli Husveg,
tlf. 43 08 65.

Ungdomskoret,

Kvar tysdag,
alder over 14 år, 8. klasse,
øver kl. 18.30.

Kontaktperson:

Njål Omland, tlf. 43 10 57.

"Kva skjer....", Framhald side 19-->

Sentrum salongen

DAMEFRISØR
HERREFRISØR
ORIG. WOLFF SOLARIUM
Melieveien 13 Telefon : 43 11 02

A/L Rogalandsmøieriet

VARHAUG MEIERI

4360 VARHAUG



TELEFON (04) 43 03 18

BANKGIRO 3335 05 00214

Varhaug Servicenter

Øvestad og Gya

Tlf. (04) 43 02 33

4360 Varhaug



A. Auestad A/s

4360 VARHAUG

Ole G

Nord Varhaug & Co a.s

Dublandsv., 4360 Varhaug
Tlf. (04) 43 02 44

STÅLKONSTRUKSJONER

- SVEISING

- MASKINERING

Kva skjer i Misjonshuset.

Framhald frå side 17

Andre lag:

Yngstes

Annankvar måndag kl. 17.30.

Alder: 2.-4. klasse.

Kontaktperson:

Karin M. Lerbrekk, tlf.: 43 06 91.

Yngres

Annankvar måndag kl. 19.30.

Alder: 5.-7. klasse.

Kontaktperson:

Per Arvid Jacobsen, tlf.: 43 00 82.

Varhaug mannskor

Øving annan kvar tysdag kl. 20.30

Kontaktperson:

Jens Ånestad, tlf.: 43 02 78

Veslegreina jentelag:

Annankvar onsdag kl. 16.30.

Kontaktperson:

Rakel Ånestad, tlf. 43 01 14.

Speidaren: 1. Varhaug KFUM.

Kvar onsdag kl. 19.15.

Gutar frå 5. klasse.

Kontaktperson:

Per Åge Skretting, tlf. 43 05 68.

NMS gutelag, tre- og metall,

Annankvar torsdag kl. 19.00.

Alder frå 4. klasse.

Kontaktperson:

Sjur Håland, tlf. 43 00 73.

Tennpluggen

Annankvar torsdag kl. 19.00.

Gutar frå 6. klasse. Reparasjon av sykklar, mopedar og anna "mekking".

Kontaktperson:

Terje Skretting, tlf. 43 00 89.

Varhaug Kr. Ungdomslag.

Samlingskveld kvar fredag kl. 20.

Ungdom frå 7.kl. og oppover.

Kontaktperson:

Njål Omland, tlf. 43 10 57.

Elles eige program for kvart semester.


Kontaktperson: Kjetil Halvorsen

Søndagsskule

Kvar søndag kl. 10.00. Fleire grupper frå 3 år og oppover.

Kontaktperson:

Asbjørn Dyngeland, tlf. 43 04 75.



TEPPE- OG TAPETSENTERET PÅ VARHAUG OG VIGRESTAD

**Halvorsen's
fargehandel**

4360 Varhaug — Tlf. 43 05 97
4362 Vigrestad — Tlf. 43 73 89

**BLOMSTER OG GAVER
TIL
ALLE ANLEDNINGER**

- Dekorasjonar
- Bukettar
- Kransar/båredekorasjonar
- Brudebukettar
- Grønne og blomstrande planter



Liljekonvallen
4360 Varhaug

Tlf.: 43 03 25
STORT UTVALG I
SÅPE OG
SALZBURG-UTSTYR

**SLÅING, PAKKING
OG PRESSING**

av høy, gras og halm

Ervind Skretting

Tlf.: 43 03 89 / 090 44 268

**Erik og Kristian
Aarsland**

060 72 377

TRYGVE HÅLAND

**Lastebil transport m/kran
Transport og sprenging av skjellsand
Boring og spengning**

Tlf.: 43 08 47 / Mobil: 090 42 612

ARNE PRIMSTAD

4360 VARHAUG - Tlf.: 43 05 14 / Mobil: 090 47 068

Belegningsstein - Hagearbeid

Natursteinmuring - Asfaltering - Håndgraving - Plantebeskjæring
Minigraver - Miniconteinere - Comp.-laster - Transport

HØSTTILBUD: - 10% på ARBEID og MATERIELL

FRAMHALD frå side 11

Tretti års minner

ved Harald Skretting

vera ferdig rimeleg kveld, men fleire steinar i botnen seinka oss så det vart nottå før me vart ferdige. Massen hadde lett for å rasa, så me kunne ikkje gå i frå til neste dag. Om kvelden i 9-10 tida kom Per på Toppen. Etter å ha sett på ei stund, rakte han oss ein stor pose. "Her æ litt frukt te dokke". Og litt etter: "Det va kvinnfolkjå som kom på det". Det gjorde godt same kven som kom på det. Per var og i lang tid dagleg gjest ei kort tid før han fekk posten kl.14.00. Men så var det mange dagar han ikkje kom. Ved eit ærend til I.T. møtte eg han og spurde om han hadde vore sjuk sidan han ikkje hadde vore bortom nybygget. "Nei, æg he ikkje våre sjuge, det æ kvinnfolkjå så nekta mæg å gå bortom kvær dag, de kunne tru eg bare går for å sjå om det verte noge mæ dokke". "Nei Per, det trur me ikkje, dæ æ jilt når du kjæme" "Æ dæ"? "Ja". "Æg kjæme".


Ein av dei store dugnadsdagane, me støypte m.a. den øvre delen av det søra brystet. Per kom og likte å sjå at arbeidet gjekk "så rakjet sto". "Det hadde våre jilt å våre oppe". Han kikka på trillebanene høgt der oppe og på traktoren som med leseapparatet løfta trillebårene den første etasjen. Synet og balansen var

ikkje lenger på topp hjå Per. Eg bad derfor Olav på Ægrå ta han i armen og lyfta han opp, og Per gleda seg. Det vart kanskje vel mykje om Per, men det var festleg med han i kvardagen. Første måltidet i huset var omkring forskalingsbrett til bord som me måtte rigga til i ein fart i småsalen. Det var Gina Husveg og Berta Austad som kom med kaffi og ei stor korg med vafler. "Dæ ækje så møjje me gamle kvinnfolkjå kan gjæra, men me kom på at me kunne steikja nogen vafla te dokke". Trur de det smakte og varmde??

Mange andre personar minnest ein med gleda frå den tida. Det var ei hard tid, men og interessant. Ein vart kjend med bygdefolka på ein annan måte. Nokre (og det var dei fleste) var trugne, andre ikkje. Nokre var hendigare og flinkare enn ein skulle tru, andre det motsette.

Ein god del bønder hadde traktor, og dei stilte velvilleg opp når stein, jord o.l. skulle køyrast. All biltransport av sand, grus, jern, sement, plank og bord fekk me køyrd gratis av Kornelius, Einar i Hållå og

Framhald side 23 -->



JÆREN LANDBRUKSSENTER AS

Postb. 117, 4361 Varhaug. Tlf. (04) 43 01 75 - 43 04 72

JÆREN AUTO

Import og salg av BRUKTBILER og BILDELER

Fronter - karosserier - motor og gir

Tlf.: 43 04 22 Mobil : 090 72 253

4360 VARHAUG

SR-PERSONKONTO

Passer for alle som ønsker
høy rente på innskudd.
Renten sees i sammenheng
med innestående på konti
for sparing med skattefradrag.
Kontakt oss
for nærmere orientering.



SPØNEBALLER

HØY - GOD KVALITET

KLAUHOGGING

HESTASKOING

Henv. Arvid Mæland

Tlf.: 43 03 81 etter kl 22.00

Mobil: 090 45 074 hele døgnet

FRAMHALD frå side 21

Tretti års minner

ved Harald Skretting

Arne Fuglestad (med
kommune bilen). Der var
Ope Hus og gratis telefon hjå Tol-
lei, og ofte god kvild og kaffi hjå
Inger.

Må og nemna det gode samhaldet i
byggjenemnda frå første til siste dag.
Det bygde seg opp eit venskap som
varer enno.

Ved opninga av innviingsfesten las
eg dei fem første versa av

Salm 103: "Ja, lova Herren, mi sjel
og gløym ikkje alle hans velgjer-
ningar. Han som tilgjev all di skuld
og lækjer all din sjukdom. Han som
løyser ditt liv frå grava og kronar
deg med nåde og miskunn. Han
fyller ditt liv med det som godt
er, og gjer deg ung att som ørna.
Mi sjel, lov Herren". ☩

Konfeksjonsforretning og auksjoner:

I.T.
STOR SOM SMÅ
ALLE SKAL FÅ
KLÆR SOM SITTE KJEMPEGODT PÅ

UELAND
STORMAGASIN

VARHAUG—Tlf. 04 - 43 07 77

Dame- og Herrekonfeksjon - Varhaug

Jone Haugstad, daglig leder

Telefon: 04 - 43 03 02

Telefax: 04 - 43 03 66

Mobil: 090 43 916

Adresse: Postboks 89, 4360 Varhaug

JÆR
MEK AS